

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Jon Askeland (Sp) la til grunn at innstillinga vart justert slik at «yrkesopplæringsnemnda» og «nemnda» vert endra til «fylkestinget».

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget tek årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet til orientering.

2. Fylkestinget viser til elev- og lærlingombodets rapport, og tilrådingane som fylkestinget meiner er gode. Fylkestinget viser til at yrkesopplæringsnemnda ved fleire høve har drøfta behovet for at lærlingar må ha betre informasjon og oversikt over ulike aktørars rolle i fagopplæringa. Fylkestinget meiner derfor at punktet om å gi lærlingar betre informasjon må være eit prioritert tiltak.

Vidare går det fram i rapporten at det er eit behov for lærlingesamlingar i fylkeskommunal regi. Fylkestinget seier seg einig i dette, og meiner det og er eit viktig tiltak for å styrke informasjon og kvalitet i fagopplæringa.

3. Fylkestinget sluttar seg til innstillinga til yrkesopplæringsnemnda, og ønsker særleg at lærlingar som ikkje er tilknytt opplæringskontor blir ivaretatt.

I tråd med oppmodinga i årsmeldinga frå elev- og lærlingombodet, oppmodar vi til at det etablerast meldeknapp tilknytt den vidaregåande opplæringa i Vestland, og den bør vidareførast med utgangspunkt i modellen frå tidlegare Sogn og Fjordane.

Til forskjell frå den tidlegare modellen bør det vurderast om knappen skal bytte navn frå "Meld-frå-om-mobbing-knapp" til "meld-frå-knapp".